

## **Referat frå styremøte i Valldal IL torsdag 19.november 2015**

### **Desse møtte:**

Einar Hoel, Anders Rem, Kristin Sandnes, Trond Håvoll, Inge Sunde, Liv Marit Indreeide

Fotball v/Silje S. Grønning

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Kjersti Magnussen

Torkjell Døving, representant arb.gruppa for kunstgrasbana

### **Sak 33/15 Kort orientering frå gruppene og styret, inkl. Idavollen**

**Trimgruppa:** Trimkarta er no samla inn og vinnarane er trekte ut. 2 familiar utmerka seg med god deltagting. Trimkort selv for til saman kr 5.300,-. Set igjen med eit overskot på kr 320,- når utlegg til gevinstar er trekt ifrå.

**Fotballgruppa:** Arrangerer bingo førstkomande søndag. Bra med sponsing og mange fine premiar. Treningane held fram på kunstgrasbana – sjølv om kalenderen viser november. Kr 30.000 i Gullkornmidlar frå Sparebanken Møre. Elles så pågår det sal av lodd og kalenderar ute på bygda.

**Friidrett:** Har hatt oppsummeringsmøte og konkludert med at dei er fornøgd med sesongen. Vil satse på å utvide samarbeidet med sørsla framover (frå neste sesong).

Har terminfesta; Storfjordstemnet 5. juni 2016

Mefjellet Opp 24. juni 2016

Jordbærdilten 30. juli 2016

**Skigruppa:** Har hatt dugnad i gamleløypa, på skiskyttarstadion, samt i reservetraseen på Høghjellane. 7 personar på trenarkurs. Har hatt treningar sidan skulestart, godt og stigande oppmøte.

**Styret:** 2 fotballmål står framleis på grasbana – desse må inn før vinteren. Det same må vasslangen som ligg på bana.

Huset: Reinhaldaren som VIL har avtale med jobbar i lengre periodar i Estland. Husansvarleg var ikkje informert om dette. Uheldig episodar oppstår når huset ikkje er vaska i førekant av utleige.

Reinhaldar må informere husansvarleg dersom han blir vekke over lengre tid – har teke på seg ein jobb... Reinhaldar bør informerast om dette. Sjå på avtalen som er inngått mellom partane.

**Drillen:** Drillansvarleg har enno ikkje vore i kontakt med husansvarleg for avtale om leige av klubbhuset til drilløving. Nøkkel er heller ikkje kvittert ut. Har tidlegare fått beskjed om dette. Liv Marit tek dette opp med Terese J. Moen – korpset skal ha styremøte på onsdag i veke 48. VIL ønskjer ei oversikt over kva måndagar dei ønskjer å leige huset, blir deretter fakturert for desse. Må vere litt forpliktende. Drillen har til no vore her 6 måndagar.

**Garasjen** står konstant open. Låsen er øydelagd, har ingen kontroll over kven som låner utstyr og om det kjem tilbake. Alle veit at porten er open. Uheldig. Anders undersøker mulighet for å låse av.

### **Sak 34/15 Anleggsplan – drift og vedlikehald**

Status pr i dag:

Det fysiske er på plass. Gjeng smått med det siste. Står igjen 2t og 4 mann til å få på plass resten av gjerdet + stabbesteinlar. Felttest gjenstår. Ein betydelig dugnadsinnsats har vore lagt ned! Om lag 109 personar har delteke – dette utgjer om lag 1.208 dugnadstimar (til samanlikning utgjer eit vanleg årsverk 1.950timar). 88,5 t. med maskiner.

Dugnadsgruppa v/Anders Rem har gjort ein stor innsats!

Det har fram til no gått litt trått med gruppa som skulle jobbe mot sponsorar. 48m med stadionreklame seld til no.

«Parkering» nede ved bana. Vere litt obs her. Kun munnleg avtale med kommunen om å fjerne trea. Tinglyst vegrett hytteigarar. Har fått ny, utvida parkering som bør nyttast.

Vart lufta idéen om å plasserer bord og stolar på området. Kiosk på sikt. Kanskje setje opp fysisk hinder (gjerde/stabbesteinlar) for å unngå parkering.

Gjennomgang og drøfting av plan med særleg vekt på Idavollen.

-Det er registrert av lysa rund bana står på utover treningsstidene.

Tiltak: Skilt nede ved bana som opplyser om korleis ting skal vere. Merke betre lysbrytarane. Informere på fotballgruppa si side på facebook, info ut til lagleiarar, ungar og ungdommar. Viktig å oppfordre til aktivitet!

-Brøyting/bruk på vinteren

Tiltak: Viktig å innhente informasjon frå andre – kunnskap og opplæring blir viktig. Torkjell sjekkar med leverandør kva han anbefaler. Einar sjekkar med kommunen v/Yngve vedr. leige av utstyr (børste sand). Forhøyre oss med andre klubbar kva dei brukar.

-Ballfangarnett mot hyttenaboar

Tiltak: Setje inn grind etter avtale med Torsvik. Ballfangarnett (ei løysing der ein heiser opp og ned nettet, framfor hytta til Martinez.

Tek igjen anleggsplan – drift og vedlikehald seinare.

### **Sak 35/15 Fordeling av overskot frå Olsok – Mefjellet Opp**

Vedtak: Overskot frå arrangementa om lag kr 120.000 vert ikkje fordelt på gruppene og hovudstyret. Beløpet vert avsett som bidrag til nytt bygg for idrett og kultur. Størrelse på overføring vert gjort etter nærmere avtale med dugnadsgruppa for anlegget.

### **Sak 36/15 Lysløypa**

Status: Ein del manglande dokumentasjon i form av kart. Usikkert utfall rettslig. Forhøyre oss om han kan vere interessert i å selje/løyse ut til idrettslaget. Beste utfall for oss.

Vedtak:

1. Tilby økonomisk kompensasjon for å bruke løypetraseen som går over eigedommen.  
Eingongssum
2. Tilby oss å løyse ut/skilje ut tomtten.

Rettssystemet ikkje noko alternativ – kan bli dyrt + utfallet er usikkert.

### **Sak 37/15 Årsmøter**

Årsmøte i Valldal IL	onsdag 2. mars 2016
Årsmøte i trimgruppa	måndag 15. februar 2016
Årsmøte i fotballgruppa	tysdag 16. februar 2016
Årsmøte i skigruppa	onsdag 17. februar 2016
Årsmøte i friidrettsgruppa	torsdag 18. februar 2016

Møtet slutt ca kl 22:15

Liv Marit Indreeide

-referent